



HJELMELAND  
KOMMUNE

## Saksframlegg

«Beskrivelse»  
«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kleppa, Torborg	K2 - S10	17/278

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
069/17	Formannskapet	PS	14.06.2017
046/17	Kommunestyret	PS	21.06.2017

### UTALE TIL KONSESJONSSØKNADAR - STORÅNA, LYNGSÅNA OG SANDVASSÅNA KRAFTVERK

#### Vedlegg:

201303334-14Tre søknader om bygging av småkraftverk i Hjelmeland kommune - Høring med v

Tre søknader om bygging av småkraftverk i Hjelmeland kommune - Høring

Protestskriv mot Clemens Krafts plan om utbygging av Sandvassåna

Protestskriv mot Clemens Krafts plan om utbygging av Sandvassåna

Planter & moser fra Sandvassjuvet

Regulering av Sandvatnet

Sandvatnet 2

#### SØKNAD OM UTSATT HØRINGSFRIST

Tre søknader om bygging av småkraftverk i Hjelmeland kommune - Spørsmål om utsett høyringsfrist

Uttale til Hjelmeland kommune- kraftutbygginger i Årdal

Uttale til utbyggingsplaner frå Clemens Kraft AS

Høyringsuttale angående utbyggingssøknader fra Clemens Kraft AS gjeldende Sandvatne

Høyringsuttalelse vedr. Clemens Kraft

Høyringsuttalelse til Hjelmeland kommune- kraftutbygging i Årdal

Uttalelse fra Stavanger Turistforening

Høyringsnotat om Clemens Krafts søknad om utbygging av Sandvassåna

Høyringsuttale Clemens Kraft søknader for Storåna, Lyngsåna og Sandvassåna kraftverk, Hjelmeland kommune

Registrering av planteliv og natur i ytre Viglesdalen

NVE uttale til søknad fra Clemens Kraft for Storåna, Lyngsåna og Sandvassåna, Hjelmeland kommune

Høyringsuttale - Hia sameige

Sandvassåna kraftverk - søknad om regulering trukket

Høyring av tre søknader om løyve til bygging av småkraftverk i Hjelmeland og Forsand kommuner

Storåna, Lyngsåna og Sandvassåna - Fråsegn

Høyring av tre søknader om løyve til bygging av småkraftverk i Hjelmeland kommune Storåna, Lyngsåna og Sandvassåna

Vedlegg 1 Naturtypar og biologisk mangfoldverdiar ved Storåna, Nes, Hjelmeland kommune – Notat av Audun Steinnes og John Inge Johnsen

Vedlegg 2 Kryptogamundersøkelse fra området ved Rykanfossen og Ullestadjuvet

Fwd Debattinnlegg i SA

Uttale konsesjonssøknad Clemens Kraft AS - Storåna i Årdal



HJELMELAND  
Kommune

HØYRINGSUTTALE - KONSESJONSSØKNAD FRÅ CLEMENS KRAFT AS FOR BYGGING AV STORÅNA  
KRAFTVERK I ÅRDAL, HJELMELAND KOMMUNE

RFK uttale vannkraftutbygging i Årdal

Høyringsuttale - Hia sameige

Godkjennelse av referat fra 26.april 2017 på Høiland Gard i Årdal

Clemens KraftutbyggingiÅrdal07062017

Clemens Kraft AS - Tre søknader om småkraftverk i Hjelmeland og Forsand kommunar -  
høyringsuttale

Uttale utbygging Sandvassåna og Lyngsåna kraftwerk

FNF-R høringsutt 3 kraftverk i Hjelmeland (utkast 2)

Underskriftskampanje, konsesjonssøknad Clemens kraft

**Forslag til vedtak:**

Utbygging av kraftverk i Storåna. Lyngsåna og Sandvassåna vil kvar for seg og samla kunna bidra positivt i form av å forsyna samfunnet med rein og fornybar energi. Dei vil også kunna tilføra kommunen og bedrifter/grunneigarar inntekter.

På den andre sida vil dei tre omsøkte prosjekta kvar for seg og i sum medføra store negative konfliktar i forhold til allmenne interesser. Dette gjeld både interesser knytt til landskap, friluftsliv og naturmangfold. Dei allmenne interessene knytt til alle utbyggingsområda store, og dei negative konsekvensane for desse interessene så store at ein vurderer dei samfunnsmessige ulempene større enn fordelane.

Brukarinteressene er kanskje størst knytt til Storåna, men negativ konsekvens for landskap og naturmangfold er stor også for Lyngsåna. For Sandvassåna sin del er det ein negativ konsekvens for landskapet, men også i forhold til tap av urørt natur.

Kommunen meiner dessutan at konsekvensane av utbygginga knytt til ulike brukarinteresser t.d. landbruk, friluftsliv og naturverdiar er mangelfullt vurdert, jf. Saksutgreiinga.

Hjelmeland kommune er i mot at det blir gitt konsesjon til utbygging av kraftwerk i Sandvassåna, Lyngsåna og Storåna.

Hjelmeland, den 05.06.2017

Wictor Juul  
Rådmann

Formannskapet - 069/17

**FSK - behandling:**

**Behandling:**

Endringsforslag til sak 069/17, foreslått av Laugaland, Bjørn, <tittel>

Siste setning i rådmannen sitt forslag vert teke ut og erstatta med følgjande:

Hjelmeland kommune legg med heimel i vassressurslova ned motsegner mot utbygging av kraftwerk i



## HJELMELAND KOMMUNE

Lyngsåna og Storåna.

For Sandvassåna kan det byggjast eit kraftverk med heimel i vassressurslova. Det betyr at Sandvatnet på ingen måte må verta regulert på anna vis enn den naturlege vassføringa som er idag.

Vidare er det også eit vilkår for utbygging at deltaet nedafor fylkesvegen vert inntakt som i dag og den naturlege fordelinga av av vassføringa som er til Ullestadbåna og Lyngsåna ikkje vert rørt. Det betyr at kraftverket må flyttast lenger opp i vassdraget enn omsøkt.

Lill Laugaland. Bjørn Laugaland.

Endringsforslag til sak 069/17, foreslått av Jacobsen, Lin Veronica, <tittel>

Siste avsnitt fra rådmannen blir erstattet av følgende:

Hjelmeland kommune fremmer, i medhold av bestemmelsene i vannressursloven, innsigelse til at det gis konsesjon for utbygging av Sandvassåna, Lyngsåna og Storåna kraftstasjoner.

Det vart under behandlinga først halde prøverøyting der det etter tur vart røysta over forslaga som ligg føre.

### Røyting:

Det vart røysta over rådmannen sitt forslag og dei to endringsforslaga etter tur:

Rådmannen sitt forslag: Fekk ingen røyster og fell.

Forslag frå B. Laugaland og L. Laugaland/SP: Fekk 3 røyster (B. Laugaland, L. Laugaland/SP, Helgøy/Krf) og fell. Forslag frå Jacobsen/AP:

**Vedteke** med 6 røyster (Mjølhus/V, Jacobsen, Hauge/AP, Skår, Apeland/H, Riskedal/Krf).

### **FSK - vedtak:**

#### **Framlegg til Kommunestyret:**

Utbygging av kraftverk i Storåna. Lyngsåna og Sandvassåna vil kvar for seg og samla kunna bidra positivt i form av å forsyna samfunnet med rein og fornybar energi. Dei vil også kunna tilføra kommunen og bedrifter/grunneigarar inntekter.

På den andre sida vil dei tre omsøkte prosjekta kvar for seg og i sum medføra store negative konfliktar i forhold til allmenne interesser. Dette gjeld både interesser knytt til landskap, friluftsliv og naturmangfold. Dei allmenne interessene knytt til alle utbyggingsområda store, og dei negative konsekvensane for desse interessene så store at ein vurderer dei samfunnsmessige ulempene større enn fordelane.

Brukarteressene er kanskje størst knytt til Storåna, men negativ konsekvens for landskap og naturmangfold er stor også for Lyngsåna. For Sandvassåna sin del er det ein negativ konsekvens for landskapet, men også i forhold til tap av urørt natur.

Kommunen meiner dessutan at konsekvensane av utbygginga knytt til ulike brukarteressenter t.d. landbruk, friluftsliv og naturverdiar er mangelfullt vurdert, jf. Saksutgreiinga.

Hjelmeland kommune fremmer, i medhold av bestemmelsene i vannressursloven, innsigelse til at det gis konsesjon for utbygging av Sandvassåna, Lyngsåna og Storåna kraftstasjoner.



HJELMELAND  
Kommune

Kommunestyret - 046/17

**KST - behandling:**

**Behandling:**

Endringsforslag til sak 046/17, foreslått av Schmidt, Tårn Sigve, <tittel>

Siste setning i rådmannen sitt forslag vert teke ut og erstatta med følgjande:

Hjelmeland kommune legg med heimel i vassressurslova ned motsegner mot utbygging av kraftverk i Lyngsåna og Storåna. For Sandvassåna kan det byggjast eit kraftverk med heimel i vassressurslova. Det betyr at Sandvatnet på ingen måte må verta regulert på anna vis enn den naturlege vassføringa som er idag. Vidare er det også eit vilkår for utbygging at deltaet nedafor fylkesvegen vert inntakt som i dag og den naturlege fordelinga av vassføringa som er til Ullestadbåna og Lyngsåna ikkje vert rørt. Det betyr at kraftverket må flyttast lenger opp i vassdraget enn omsøkt.

Nessa/AP reiste spørsmål ved om han var ugild i saka då han er grunneigar i eit sameige omfatta av ein av konsesjonssøknadane. Det vart då ein debatt om søknadane skulle behandlast kvar for seg i Kommunestyret, slik at Nessa kunne vore med under behandlinga av dei to andre. Det vart røysta over dette spørsmålet, med resultat at sakene vert behandla under eitt, slik som i Formannskapet. Røystetal: 15 røyster mot 2 (Hetland/uavh, Scmidt/SP). Nessa/AP vart etter dette funnen ugild og gjekk frå under behandling av saka. Då det ikkje var kalla inn varaperson, vart saka behandla med 17 medlemmer.

**Røysting:**

Under røystinga vart framlegget frå Formannskapet sett opp mot forslaget frå Schmidt/SP:

Framlegg frå Formannskapet: **Vedteke** med 9 røyster (Jacobsen, Hauge/AP, Hetland/uavh, Skår, H. Nesvik, Sandanger, Munthe/H, Riskedal, A. Helgøy/Krf)

Forslag frå Schmidt/AP: Fikk 8 røyster (B. Laugaland, Schmidt, Østerhus, Nilsen Gjil/SP, L. Nesvik/V, Ommundsen/uavh, Soppeland, Halsne/Krf) og fell.

**KST - vedtak:**

Utbygging av kraftverk i Storåna. Lyngsåna og Sandvassåna vil kvar for seg og samla kunna bidra positivt i form av å forsyna samfunnet med rein og fornybar energi. Dei vil også kunna tilføra kommunen og bedrifter/grunneigarar inntekter.

På den andre sida vil dei tre omsøkte prosjekta kvar for seg og i sum medføra store negative konfliktar i forhold til allmenne interesser. Dette gjeld både interesser knytt til landskap, friluftsliv og naturmangfold. Dei allmenne interessene knytt til alle utbyggingsområda store, og dei negative



## HJELMELAND Kommune

konsekvensane for desse interessene så store at ein vurderer dei samfunnsmessige ulempene større enn fordelane.

Brukinteressene er kanskje størst knytt til Storåna, men negativ konsekvens for landskap og naturmangfald er stor også for Lyngsåna. For Sandvassåna sin del er det ein negativ konsekvens for landskapet, men også i forhold til tap av urørt natur.

Kommunen meiner dessutan at konsekvensane av utbygginga knytt til ulike brukinteresser t.d. landbruk, friluftsliv og naturverdiar er mangelfullt vurdert, jf. Saksutgreiinga.

Hjelmeland kommune fremmer, i medhold av bestemmelsene i vannressursloven, innsigelse til at det gis konsesjon for utbygging av Sandvassåna, Lyngsåna og Storåna kraftstasjoner.

### Saksopplysninger:

#### Samandrag

Clemens Kraft AS har søkt om konsesjon for utbygging av tre småkraftverk i Hjelmeland kommune. Det gjeld Sandvassåna kraftverk, Lyngsåna kraftverk og Storåna kraftverk. Alle dei tre omsøkte kraftverka ligg i Årdal og i ulike deler av Årdalsvassdraget. NVE har sendt søknadane ut på høyring. Dei ber høyringspartane vurdera sakene kvar for seg, men også samla. Rådmannen meiner at summen av dei negative konskevensane for allmenne interesser er større enn dei samfunnsøkonomiske fordelane med utbyggingane. Dette gjeld for kvart av tiltaka, og samla sett. Rådmannen tilrår Hjelmeland kommune å gå i mot dei planlagde kraftutbyggingane.

#### Fakta

Clemens Kraft AS har søkt om konsesjon for utbygging av tre småkraftverk i Hjelmeland kommune. Det gjeld Sandvassåna kraftverk, Lyngsåna kraftverk og Storåna kraftverk. Alle dei tre omsøkte kraftverka ligg i Årdal og i ulike deler av Årdalsvassdraget.

NVE har sendt søknadane ut på høyring. Dei ber høyringspartane vurdera sakene kvar for seg, men også samla. NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør gis eller ikkje, eventuelle alternativ og forslag til avbøtande tiltak. Dei ønskjer også innspel på forhold som ein meiner ikkje er godt nok opplyst i søknaden. Av kommunen forventar NVE at ein gir innspel i forhold til dei ansvarsområda ein har, blant anna i forhold til arealplanstatus.

Høyringsfristen er sett til 7. juni, men Hjelmeland kommune har søkt og fått utsett høyringsfrist til 22. juni.

Nedanfor er ei kort oppsummering av kva utbyggingsplanane går ut på. Rådmannen viser elles til konsesjonssøknadane som lettast er tilgjengeleg via [nve.no/konsesjonssaker](http://nve.no/konsesjonssaker).

#### Sandvassåna:

Sandvassåna kraftverk vil nytte eit fall på 130 meter i Sandvassåna mellom kote 610 og 480. I utgangspunktet er det søkt om regulering av Sandvatnet, men i løpet av høyringsperioden har søkeren valgt å trekka den delen av søknaden som galdt regulering av vatnet. Inntaket blir då like nedanfor utløpsosen i Sandvatnet, og strekningen som blir berørt er Sandvassjuvet og ned til Urdavatnet, ein strekning på snautt 2 km.

Vassvegen blir en kombinasjon mellom 680 m tunell og 1000 m nedgrave røyr. Tunnellen vil



## HJELMELAND KOMMUNE

generera 12 000 m<sup>3</sup> med steinmassar som er planlagt deponert på eit 5 dekar stort område mellom fylkesvegen og kraftverket.

Det er behov for om lag 430 meter ny veg som tilkomst til kraftstasjonen og 680 m midlertidig anleggsveg langs røygata. Middelvassføringa i Sandvassåna er 1,92 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagd med maksimal slukeevne på 4,8 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,5 MW og etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på om lag 13,6 GWh (når regulering av Sandvatn er tatt ut av søknaden). Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei om lag 2 km lang strekning i Sandvassåna. Det er planlagt slepp av minstevassføring i Sandvassåna på 238 l/s i perioden 1.5-30.9 og 143 l/s resten av året.

Kraftstasjonen skal liggja ved Uravatnet og utløpet frå kraftstasjonen blir fordelt til Ullestadbåna og Urdavatnet. Det skal byggjast ein anleggsveg fram til kraftstasjonen, og det må gravast 5 km jordkabel for nett-tilknyting.

Utbyggingspris var i utgangspunktet berekna til 4,8 kr/kWh med regulering av Sandvatnet.

### Lyngsåna:

Lyngsåna kraftverk vil nytte eit fall på 270 meter i Lyngsåna mellom kote 400 og 130. Inntaket er planlagt like ovanfor Ryganfossen, og strekningen som blir berørt er frå og ned til Nes, eit lite stykke før samløpet med Storåna.

Vassvegen blir ein kombinasjon mellom 1250 m tunell og 150 m nedgrave røyr. Tunnellen vil generera 20 000 m<sup>3</sup> sprengstein som skal nyttast i veg og til kraftstasjonstomta. Overskotet skal deponerast på eit 25 dekar stort areal ved Storåna.

Det er behov for om lag 100 meter ny veg som tilkomst til inntaket, og 450 meter ny veg med bru fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa i Lyngsåna er 1,7 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagd med maksimal slukeevne på 4,3 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 9,5 MW og etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på om lag 28,4 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei om lag 1,5 km lang strekning i Lyngsåna, som allereie har redusert vassføring på grunn av fraført vatn til utbygginga av Lysebotn kraftverk. Det er planlagt slepp av minstevassføring i Lyngsåna på 212 l/s i perioden 1.5-30.9 og 127 l/s resten av året.

Kraftstasjonen blir liggjande i dagen på Nes, og det skal byggjast 300 m luftlinje for nettilknyting.

Utbyggingskostnaden er berekna til 103 mill. NOK, tilsvarande ein utbyggingspris på 3,6 kr/kWh.

### Storåna

Storåna kraftverk vil nytte eit fall på 275 meter i Storåna mellom kote 415 og 140. I tillegg skal Hiavatnet regulerast med 1,5 m mellom kote 413,1 og 414,6. Det medfører at den berørte vasstrengen blir i frå Hiavatnet og ned til Djupingen ovanfor Nes, inkludert Granesfossen, Hiafossen og Sendingsfossen, og den øverste delen av anadrom strekning mellom Djupingen og Rusteinen.

Vassvegen på 2500 meter leggast i sprengt tunell. Det er behov for om lag 100 meter ny veg som tilkomst til kraftstasjonen. Kraftstasjonen skal plasserast i utsprengt hall inne i fjellet ovanfor Djupingen. Overskotsmassar frå utsprenging av tunnell og fjellhall skal deponerast på 25 dekar stort areal ved Storåna, nedanfor p-plass på Nes. Detter er same deponi som for Lyngsåna kraftverk. Middelvassføringa i Storåna er 2,42 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagd med maksimal slukeevne på 4,1 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 9,5 MW og etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på om lag 39,9 GWh. Utbygginga vil føre til ytterligare redusert vassføring på ei om lag 2,8 km lang strekning i Storåna, som allereie har redusert vassføring frå utbygginga av Lysebotn kraftverk. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 86 l/s i Storåna heile året.



HJELMELAND  
Kommune

Årdalsvassdraget er allereie utbygd, med overføringer både til Lysebotn og til Ulla – Førre. Middelvassføringa er allereie redusert med om lag 63% i forhold til naturleg vassføring.

Utbyggingskostnaden er berekna til 131,9 mill. NOK, tilsvarande ein utbyggingspris på 3,3 kr/kWh.

### Lovar, føresegner, rundskriv

Søknadene skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknad om bygging av Sandvassåna kraftverk med reguleringa av Sandvatnet skal også handsamast etter vassdragsreguleringslova.

Kommunen kan gi uttale til saka, men kan også etter § 24 i vassressurslova fremja motsegn mot dei omsøkte tiltaka.

### Økonomiske konsekvensar

For Hjelmeland kommune vil dei tre planlagde kraftverka kunna gi inntekter i form av eigedomsskatt, som blir utrekna med 7 promille av skattetakst. Kommunen kan også få noko natureressursskatt, men denne inntekta vert utjamna i inntektssystemet for kommunane, så det blir ikkje store beløp. Naturressursskatten vert utrekna ved å ta 1/7 av kraftverket sin samla produksjon for inntektsåret og dei 6 foregåande åra og multiplisera med ein sats på 1,1 øre pr. kWh.

Det er vanskeleg å anslå kor store desse inntektene eventuelt vil bli, men samanlikna med eigedomsskatt frå andre småkraftverk kan ein rekna med inntekter på mellom 0,5 – 1 million kr.

På minussida kjem dei meir indirekte kostnadane som tapt attraktivitet på grunn av mindre naturverdiar og mindre opplevingskvalitetar som følgje av redusert vassføring i vassdraga.

### Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

#### Kommuneplanen sin arealdel:

Alle dei tre planlagde kraftverka ligg i LNF-område i kommuneplanen. Utbygging av kraftverk er ikkje i samsvar med planføremålet.

Lyngsåna kraftverk påverkar eit område i tilknyting til Ryganfossen som er lagt inn som omssynssone natur, for eit område med registrert naturtype «Bekkekløft» og kategorisert som svært viktig (nasjonal interesser).

Kva gjeld Storåna kraftverk er det lagt ei omssynssone natur i eit område i lia ovanfor p-plass på Nes og oppover i lia langs elva. Dette er eit område med rik edellauvskog kategorisert som svært viktig.

Tilhøyrande retningsline til områder med omssynssone natur er slik:

*«Direktoratet sine tilrådingar om forvaltning og skjøtsel skal gjeld som retningslinjer for dei enkelte områda.»*

Heile området frå Nes langs driftevegen opp til og med Viglesdalen er lagt inn som omssynssone kulturmiljø, med følgjande retningsliner:

*«Innanfor områda avmerka som omssynssone kulturminneområde skal nye tiltak særskilt tilpassast dei kulturhistoriske verdiane i området. Større tiltak og naturinngrep skal ikkje tillatast innanfor*



HJELMELAND  
Kommune

desse områda.

*Ordinær gardsdrift kan halde fram i områda. Større tiltak ut over ordinær gardsdrift krev reguleringsplan.*

*Ved byggetiltak nær dei opplista bygga/anlegga skal kulturseksjonen i Rogaland Fylkeskommune høyrast.»*

Overordna planar mm:

Strategidokument for små vannkraftverk i RogalandRetningslinjer for små vannkraftverk (Olje- og energidepartementet 2007)

Tidlegare vedtak :

I sak 091/08 ga Kommunestyret i Hjelmeland uttale til ein søknad frå Lyse produksjon om endring av konsekvensklasse for utbyggingsplanar for Årdalsvassdraget:

*«Hjelmeland kommune vil ikkje forandre status til kategori 1 i Samla plan for utbygging i Årdalsvassdraget.*

*Summen av allmennverdiar i dette området er stor. Prosjektet bør ikkje realiseres.*

*Hjelmeland kommune vil støtta rettighetshaverar sitt arbeid med utbyggingsplanar utan reguleringsinngrep i Sandvatn.»*

I sak 029/09 ga formannskapet i Hjelmeland uttale til utgreiingsprogram for Lyse Produksjon sine planar for utbygging av vassfallet mellom Sandvatn og Nes:

*«Hjelmeland kommune viser til saksutgreiing og ber om at det i utgreiingsprogrammet for utbygging av vassfallet mellom Sandvatn og Nes vert fokusert meir på biologisk mangfald, fisk, friluftsliv, landbruk, estetiske endringar og verdien av innrepsfrei natur. Dette i tillegg til dei tema som allereie er lagt fram i forslag til utgreiingsprogram. Inngrep som rører ved Sandvatn direkte må visast særleg omsyn.*

*Det er ønskjeleg at Lyse gjer ei vurdering av eit alternativ der ein nyttar fallet frå Lyngsvatnet til Breiavad utan å gå gjennom Sandvatn.*

*Hjelmeland kommune ønskjer ei utgreiing av alternativet av å stengje tunnelen frå Svartavatn til Lyngsvatn.»*

**Innkomne uttalar**

Hjelmeland er ein av mange høyringspartar. Saka er dessutan lagt ut til offentleg høyring, og mange har sendt sine innspel til NVE. Hjelmeland kommune har motteke kopi av ein del av desse: Arent H. Greve og ei grunneigargruppe v/ Leif Livastøl har uttalt seg til Sandvassåna kraftverk. Kommunen har også motteke kopi av uttale frå grunneigarane på Hia, og frå ein representant frå Hia-slekt i forhold til Storåna kraftverk. Naturvernforbundet i Rogaland og i Strand, Leif Emil Egeland, Tom Ove Eskeland, Line Larsen og Stavanger Turistforening har gitt uttalar knytt til alle kraftverka. Alle dei uttalane kommunen har fått kopi av er negative til utbyggingsplanane.

Fylkesutvalet i Rogaland fylkeskommune behandla saka 6. juni, og fremja **motsegn** mot alle dei tre søknadane, grunngjeve med at både sumverknad og verknad av prosjekta kvar for seg er store negative konsekvensar for allmenne interesser. Dette gjeld interesser knytta til landskap, friluftsliv og naturmangfald av ein slik karakter og et slikt omfang at det ikkje er i samsvar med regionale planar, strategiar og utgreiingar. Dei vurerer at ulempene for dei allmenne interessene overstig fordelane med tiltaka.



HJELMELAND  
Kommune

### Vurdering og konklusjon

Når kommunen skal gi uttale til saker om utbygging av vasskraft må ein forsøke å vurdera dei samfunnsmessige konsekvensane av sakene . Det dreiar seg både om allmenne interesser, men også om samfunnsøkonomi og ressursøkonomi i eit stort perspektiv. Slike saker er omfattande og det kan vera krevjande å få oversikt. Rådmannen går ikkje inn på alle sider ved søknaden, men vil forsøke å peik på nokre punkt som ein ser på som særleg viktige eller der ein meiner søkerne er mangelfulle.

#### I forhold til plan:

Dei planlagde kraftverka er ikkje i tråd med LNF- føremålet i kommuneplanen. Utbygging av Lyngsåna vil også komma i konflikt med omsynsøkonomien som er lagt oppå LNF-føremålet ved Ryganfossen.

Det er ikkje tvil om at verdien av denne naturtypen – bekkekløft – og mange av dei artane som lever her, er knytt til vassføringa i elva. Redusert vassføring vil redusera verdien av naturtypen.

For utbygging av Storåna er det i større grad eit diskusjonsspørsmål i kva grad den planlagde utbygginga er i strid med omssynsøkonomien for kulturmiljø. Vassføringa i elva er definitivt ein del av landskapsbilete og den samla opplevinga ein får i dette kulturmiljøet, men påverkar ikkje direkte veganlegget eller andre kulturminne.

Rådmannen har ikkje gjort ei vurdering i forhold til overordna planar og strategiar og viser her til saksutgreiing til Fylkesutvalet i Rogaland fylkeskommune sak 080/17.

#### Friluftsliv:

*Storåna:* Her meiner rådmannen at søkeren har bomma ein del i si vurdering av brukarinteressene. Det står at området i dag hovudsakleg blir nytta av grunneigarar, samt fastbuande i kommunen og området rundt. Dei skriv om turistløypa til Viglesdalen, men at tilreisande til friluftsaktivitetar er avgrensa.

I 2016 blei det registrert 1222 overnattingar på Stavanger turistforening si hytte i Viglesdalen. Ein må rekne med at det er ganske mange som går til Viglesdalen på dagsbesøk, og at ein del passerar til og frå Stakken/Nilsebu. Vegen frå Nes og innover dalføret langs elva er med andre ord eit mykje brukt område, og det er i alle fall eit regionalt viktig utfartsområde. Alt tydar dessutan på at landskapet opp dalføret med elva og fossane, er ein viktig del av friluftsopplevinga i dette området. Rådmannen meiner det er grunnlag for å hevda at ei fråføring av vatn på strekket frå Hiavatnet til Djupingen vil gjera området mindre attraktivt for dei allmenne brukarinteressene. Søkjaren har peika på eventuelle ulemper for jaktutøving i dette området i anleggsfasen. Dette meiner rådmannen er ei heilt marginal interesse i forhold til den øvrige bruken av området, og understrekar at her har søkeren ikkje forstått omfanget av brukarinteressene.

*Sandvassåna:* Lyngsheia og området kring Sandvatnet er mykje nytta til friluftsliv, og er eit viktig utfartsområde sommar som vinter. Det er vanskeleg å talfesta bruken her, då det ikkje er turisthytter eller andre registreringspunkt. Det er likevel ikkje tvil om at området er mykje brukt. Det er difor svært viktig at Sandvatnet ikkje blir regulert, særleg med omsyn til isforhold og bruken av vatnet i skisesongen. Og rådmannen meiner det er svært positivt at søker har trekt forslag om regulering av Sandvatnet.

I fylkesdelenplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (FINK-2005) er utbyggingsområdet klassifisert som turområde av regional betydning der allmenne friluftslivsinteresser bør gis priorititet.



Naturverdiar:

**Storånå:** NNI Resources AS har utarbeidd ein tema-rapport i forhold til biologisk mangfald (NNI-rapport 460, 2016). I denne rapporten er bekkekløfta på strekningen Sendingsfossen – Hiafossen vurdert å ha liten, lokal verdi i biologisk samanheng. I bekkekløftprosjektet i regi av Direktoratet for naturforvaltning (Miljødirektoratet) gjorde Rådgivende biologer ei undersøking og utarbeidde rapport i 2008 der denne bekkekløfta blei verdsett til A-verdi (svært viktig, nasjonal verdi). Denne rapporten er grunnlaget for registreringa i Naturbase. Argumtasjonen i verdsetjinga i rapporten frå NNI er at det er eit vassdrag med relativt liten restvannsføring. Dei skriv i sin rapport at verdisettinga i rapporten frå RB i 2008 ikkje tok omsyn til at vassdraget var sterk påverka av utbygging, og at denne verdsetjinga difor er feil. Dei peikar også på at denne naturtypen ikkje er raudlista lenger. NNI meiner altså i sin rapport at verdsetjinga av denne bekkekløfta i Naturbase er feil.

Utan å ta stilling til om den det er den eine eller den andre av biologane her som har rett eller galt, slår rådmannen (som i dette tilfellet også er biolog) fast at dei eksisterande naturverdiane, då særleg mangfaldet av lågare planter som t.d. mose og lav, som er knytt til det fuktige miljøet ved ein foss, står i fare for å bli mindre når vassføringa blir mindre.

Eksisterande veg fram til inngang til kraftstasjonen skal forlengast med om lag 100m. Det skal også lagast snuplass/p-plass her. Denne vegen kjem i eit område med rik edellauvskog (verdi- A, svært viktig) og det er registrert fleire raudlista artar her. Framføring av vegen vil kunna komma i konflikt med desse.

Storåna er lakseførande og anadrom strekning går opp til Rusteinen som ligg oppstrøms det planlagde kraftverket og utslepp av vatn frå kraftverket. Det betyr at 400 m av den anadrome strekningen blir påverka av utbygginga i form av mindre vatn. I tillegg kjem det faktum at det vatnet som kjem ut frå kraftverket ofte vil ha ein lågare temperatur enn det ville ha hatt om det hadde følgt elva nedover. Dette kan også ha ein negativ effekt på laksen.

Søkjaren stiller spørsmål ved om vandringshinderet er Rusteinen og viser til at grunneigarane hevdar at vandringshinderet er ved Djupingen. I alle andre samanhengar er det oppgitt at vandringshinderet er ved Rusteinen, og rådmannen har ikkje sett at dette har vore omdiskutert før. Det er påvist gyting heilt opp til Rusteinen og området ved Djupingen er eit viktig gyteområde. Det er fleire år føretatt rognplanting i området ovanfor Djupingen og ovanfor Rusteinen.

NNI\_Rapporten konkluderar med at det er noko usikkert om den planlagde utbygginga kan ha negative konsekvensar for laksen. Laks og sjøaure er trua artar, og nok vatn er eit avgjerande livsvilkår. I årevis har Hjelmeland kommune med fleire arbeidd for endra konsesjonsvilkår for Lyse si regulering av Årdalsvassdraget og for krav til minstevassføring i Storåna. Kravet nå er 1,5 m<sup>3</sup>/s om vinteren og 2 m<sup>3</sup>/s om sommaren på Kaltveit. Dette er langt mindre enn ein ønska og hadde håpo på. For å kompensera for lite vatn i elva har fleire partar arbeidd med biotopforbetrande tiltak og andre tiltak for å ta vare på ein livskraftig bestand av laks og sjøaure. Fråføring av vatn på den siste øverste biten av den anadrome strekninga, virkar motsett.

**Sandvassåna:** Den største verdien i dette området er kanskje knytt til geologien. Sandvassjuvet er eit heilt spesiell geologisk formasjon, danna av eit såkalla jøkullaup i slutten av siste istid.

Sandvassjuvet er dessutan eit av dei største av slike juv i Norge. Ei sterkt redusert vassføring her vil gi ein negativ verknad på landskapsbilete og vil også påverka livsmiljøet for planter og andre vannlevande organismer.



## HJELMELAND KOMMUNE

Arent H. Greve har i sin uttale vist til manglende utgreiing av konsekvensane av utbygginga for våtmarksområdet nedanfor Bjørkejuvskogen og mellom Urdavatnet og Beinskjervatnet. Rådmannen er samd med Greve i at det er ein stor mangel i søknaden. Sandvassåna deler seg i mange greiner i dette området og dannar eit ganske stort våtmarksområde. Når vatnet blir ført i tunnell/nedgravd røyrtrasé frå utløpet av Sandvatnet og fram til kraftstasjonen ved Urdavatnet vil store deler av dette området få tilført mykje mindre vatn. Naturtypen er relativt sjeldan og heile landskapsbiletet er spesielt, og konsekvensane for dette området skulle vore vurdert.

**Lyngsåna:** Rykanfossen har eit fritt fall på 52m, og er den nest største fossen i Rogaland. Trass i at ein stor del av den naturlege vassføringa er fråført til Lysebotn, er den eit imponerande skue. Det vil ha ein stor negativ effekt på landskapet om ein 83% av det gjenverande vatnet også blir tatt bort frå fossen.

Bekkekløfta med Rykanfossen er registrert som naturtype med stor verdi. Redusert vassføring vil ha ein negativ virkning på både plante- og dyreliv som er knytt til miljøet i og rundt fossen. Også her har NNI utarbeidd ein rapport med utgreiing av tema biologisk mangfald. Også her er NNI ueinige i verdurderingen av bekkekløfta fordi dei meiner det ikkje er tatt omsyn til at elva er sterkt påverka av regulering allereie. Uansett verdisetting er det eit biologisk mangfald her som er avhengig av vatn og fuktighet, som blir skadelidande i større eller mindre grad om vatn blir fråført.

### Samfunnsøkonomi og ressursforvaltning/økonomi:

Til saman vil dei tre omsøkte prosjekta gi ein årleg produksjon av energi på 84,1 GWh. Det er eit betydeleg tilskot til samfunnet med fornybar energi.

Utbyggingane vil også gi inntekter både til utbyggjar, grunneigarane og direkte og indirekte til kommunen. Det er dessutan sannsynleg at om eit eller fleire av desse prosjekta blir realiserte, så vil det kunna gi arbeid/sal også til lokale bedrifter. For Hjelmeland kommune og Hjelmelands-samfunnet vil ei slik utbygging kunna gi positive økonomiske effektar.

På minussida kjem tap av naturverdiar og opplevingsverdiar. Det kan ha direkte negative konsekvensar for reiselivet. I tillegg gir reduserte opplevelinger, og mindre naturmangfald eit tap som er vanskeleg å verdisetja i kroner og øre. For samfunnet er dette likevel svært viktig å ta omsyn til. I eit folkehelseperspektiv er desse områda med vakre landskap, med innhaldsrik natur og store opplevingskvalitetar viktige.

### Landbruket og andre brukarinteresser:

**Storåna:** Utbygging vil i følgje grunneigarane på Hia medføra utfordringar i forhold til landbruksdrifta fordi Storåna med så lite vatn ikkje lenger vil fungera som gjerde for sauene. Dei er også uroa for at oppdemming av Hiavatnet og inntaksdam vil gjera det vanskelegare å føra sauene frå Hia og til driftsvegen vidare til Stakken. Søkjaren har på si side ikkje nemnt forholdet til beitebruksinteressene i området, anna enn at dei har konstatert at området blir nytta til beite. Dette meiner rådmannen er ein alvorleg mangel. Heile dalføret på begge sider av elva blir nytta til sauebeite, og det er klart at elva fungerar som eit viktig dele mellom ulike beiteområde. I følgje beitelagsstatistikk frå 2016 blir nærmare 700 sauar og godt over 1000 lam jaga til heis med utgangspunkt på Nes. I tillegg kjem sauar frå fleire gardsbruk i området som ikkje er med i beitelaga. Om det blir ei utbygging av kraftverket er det difor særskilt viktig at utbyggjar legg til rette i anleggsfasen slik at det ikkje blir problem å få sauene til heis eller heim igjen. Det må også kompenserast for eventuelle ulemper i driftsfasen.

Søkjaren skriv at grunneigarane vil kunna få auka inntekter og at dette vil kunna sikra busetting på



## HJELMELAND Kommune

gardsbruks. Dei hevdar at utbygginga vil vera positiv for landbruket. Rådmannen vil her peika på at fleire av fallrettane er skilde fár gardsbruks, slik at det ikkje alltid er ein samanheng mellom fallrett og gardsbruk, og vil vera forsiktig med å rekna med ein busettingseffekt på grunn av det. To av rettshavarane i flg. Vedlegg 7 i søknaden eig landbrukseigedom i Årdal.

**Sandvatn:** Det går fram av søknaden at grunneigarane ønskjer å utnytte naturressursane som høyrer til eigedommane. Det har i høyningsperioden blitt tydeleg at dette ikkje gjeld alle grunneigarane. Det er fleire grunneigarar som tydeleg har gitt utrykk for at dei ikkje ønskjer den omsøkte utbygginga. Clemens Kraft har trekt den delen av søknaden som galdt regulering av Sandvatn fordi grunneigarane ikkje ønska dette.

### Sumverknad:

I Hjelmeland kommune er ein veldig stor del av vassdraga påverka av vassdragsregulering. Me har to verna vassdrag, Vormo-vassdraget og Nordalsvassdraget. Begge desse ligg lenger aust og nord i kommunen. I denne delen av kommunen er det aller meste regulert. Sandvatnet og Sandvassåna er meir eit unntak som stadfestar regelen. Til tross for dette er desse områda i Årdalsheiane mykje brukt, både til friluftsliv og til landbruk. Sjølv om vassdraga er påverka av reguleringar er det mykje verdifull natur i området, og vakre landskap. Vatn i vassdraga er viktige for desse verdiane, og dermed også den restvassføringa som er igjen i dei regulerte vassdraga. Å behalda nokre vatn og elvar urørte er også viktig. Dei negative verknadane for dette området, som følgje av eksisterande utbyggingar, er allereie store.

### Konklusjon:

Dei tre planlagde kraftutbyggingsprosjekta vil kvar for seg og samla kunna bidra positivt i form av å forsyna samfunnet med rein og fornybar energi. Dei vil også kunna tilføra kommunen og bedrifter/grunneigarar inntekter.

På den andre sida er dei allmenne interessene knytt til alle utbyggingsområda store, og dei negative konsekvensane for desse interessene så store at ein vurderer dei samfunnsmessige ulempene større enn fordelane.

Brukinteressene er kanskje størst knytt til Storåna, men negativ konsekvens for landskap og naturmangfold er stor også for Lyngsåna. For Sandvassåna sin del er det ein negativ konsekvens for landskapet, men også i forhold til tap av urørt natur.

Rådmannen tilrår at Hjelmeland kommune går i mot ei utbygging av kraftverk i Sandvassåna, Lyngsåna og Storåna.